



Team Hardanger

Referat møte i Team Hardanger

Mandag 04.02.2020 kl 11.00-14.30

Stad: Kvam rådhus

Møtte: Jan Tjosås, Lisbeth Bygstad Celik, Inge Håvard Aarskog, Sigmund Vereide, Hege Børve, Bente Raaen Widding, Jostein Eitrheim, Trude Rinaldo

Forfall: Anders Gjøstein, Voss kommune

Sakliste

1. Innmelde saker ved møtestart.

Søknad frå Næringshagane Hardanger, Odda og Voss om samarbeidsprosjekt.

Søknad frå Hardanger Industri - Støtte til Hydrogensymposiet 2020

Orientering om Hardangerrådet

2. Hardingtinget 2020

Gjennomgang program.

Konklusjonar: Skal me førebu nokre konklusjonar til Hardingtinget, forslag frå TH?

Framtidig prosjekt :Besøksforvaltning og Besøksstrategi

- Framdriftsplan: Har me ein konkret framdriftsplan for vidare arbeid etter møtet?
- Kunnskap: Faglege råd er ikkje alltid teke med. Kunnskapsbasert agering er viktig. La kunnskap gå foran politikk og følelsar.
- Samarbeid: Viktig å vera tydeleg på at ein ikkje gjer ifrå seg makt, men at ein i fellesskap kjem fram til felles løysing. Korleis møter me skepsi?
- Finansiering: Finansiering er heilt nødvendig. Fellesting kokar vekk fordi me ikkje er einige om å finansiera dei.

3. Runde rundt bordet

Ulvik

- Næringsutviklar stillinga i Ulvik -ein komité skal bestemma kva dei gjer med den. Skal dei ansetta ein person, eller kjøpa tenester.
- Ulvik er Cittaslow kommune og satsar vidare, men det krev arbeid og resursar.
- Søkjer prosjektmidlar frå Erasmus+ for lærarar i fyrste omgang, som skal på studietur til vennskapsbyen Greve in Chianti. Hovedprosjektet søker dei til neste år.
- Ulvik tilbyr reiseliv som valfag på ungdomskulen.
- Har fokus på tilflytting, som er viktig for Ulvik. Innbyggjartalet går ned, og ein må gjera noko for å stoppa det. "Kva kan me gjera?" Dei har f. eks kontakta Placement.
- Ulvik ønskjer å spørra TH om dei arbeider med tilflytting? **Er felles prosjekt aktuelt?**

Svar/kommentar på spørsmål om nytt tilflyttingsprosjekt:

- Kva er rett inngang?
- Integrering bør vera fokus.
- Mangel på arbeidskraft er fokus for Ullensvang kommune.
- Gå frå livstilstilflyttarar til folk med kompetanse
- Det er ulike behov og tilbud i dei ulike Hardangerkommunane, men som ein felles bu og arbeidsregion har me mykje å tilby.
- Omdømebygging, vera bevisste på korleis e framstiller oss sjølve.
- Kan me utvikla eit "Flytt til Hardanger" ilag med Næringshagane og regionrådet ?

Eidfjord:

- Synkande folketal og ein del bustader i sentrum vert brukt som fritidsbustader
- Sysendalen veks. No er det gode forretningsidear på gang. No er det firma frå Bergen som vil etablera dette på fjellet. Korleis vil dette vaska, og kva gjer det med sentrum?
- Opplevelsesturismen i Eidfjord er på, og det er veldig bra!
- Eidfjord har avtale med Næringshagen i Hardanger, som tilbyre fagleg veiledning.

Kvam:

- Folketalet gjekk opp siste kvartal her, men me er alle er i same båt. Om folketalet ikkje endrar seg, så vert befolkningen eldre og det er færre ungar i skulen.
- Våre små sentrum som Voss, Norheimsund og Odda er utfordra av at butikkane slit. Varehandelene er i stor krise om dagen, og hyttefolk vert meir og meir viktige. Kan me gjera noko for å snu dette?
- Bjølvfossen går som det suser.
- Hardangerbadet opna i desember, og går som det suser! (Vinter uten snø)
- Hardangerfjord Hotell opnar 2. mars, og det kjem mange nye ansatte til bygda.
- På Thon Hotel Sandven rustar dei opp heile det gamle Sveitserhotellet.
- Lid Jarnindustri utvidar og har fått fart på eksporten.
- Norhand har fått aktivitet flytta til seg, og meir arbeid ver gjort her.
- Enorm bygging av nye leiligheter i Kvam, og dei har selt fantastisk mange, sjølv om det gjenstår nokon.
- Spennande det som skjer på "Meieriet i Øystese".
- Arbeider aktivt med den nye vidaregåande skulen som skal byggjast i Norheimsund, planlagt ferdig 2027/28. Skal ein også byggja kulturhus og bibliotek i samband med skulen?
- Gjer næringsområdet ferdig, og BIR skal byggjer nytt anlegg. Næringsområdet i "Skarpen" vert også gjort ferdig.
- Den store politiske diskusjonen er kva løysing ein skal gå for i Tokagjel.

Nærinshagen i Hardanger:

- Søkjer ny forretningsutviklar.
- Fortset med prosjekt på Kvamskogen. Det er i dag mange aktørar og lite koordinering.
- Grunderakademiet var bra, har fått gode tilbakemelding.
- Dei skal flytta ned i lokala til "butikken" etter ombygging. Der får dei heilt andre fasilitetar, og vil også ha gjestekontor og vera ein liten "HUB"

Næringshagen i Odda:

- Ny dagleg leiar startar 1.mars 2020
- Er midt i nye intervjurundar og skal utvida staben med 1 ansatt.
- Indre Hordaland Trainee arbeider med vidareføring. Vil også der ha med heile regionen. Dette er veldig bra.

Ullensvang kommune

- Hardanger Industri: Har god dialog og arbeider tett. Samde om at det er viktig å formidla det same budskapet og å gå i takt. Er spent på utvikling av Ullensvang reiseliv. Er i dialog med enkelte av landbruksaktørane, og arbeider med å få dei med i det overordna organiserte arbeidet. Dette er samskapingskommunen kommune 3.0 i praksis. Dei gjeld no å arbeida, å finna ei god framdrift, og gje dei gode bildene av kommunen! Viktig å få dette systemet til å fungera.
- Odda by har utfordringar med handelslekkasje. Vi er no i dialog med Odda by for å få endra denne situasjonen.
- Jobber med Trolltunga som utgangspunkt og “hub” for heile kommunen. Viktig med stø kurs, sjølv om det er mange meininger.
- Men ein av dei store utfordringen i kommunen vår og på Vestlandet generelt er rekruttering. Me har for stor lekasje austover. Kan me setta fokus på det?
- Midt oppi all denne aktivitet er det tre kommunar som no arbeider med å vera ein.

→ *Utfordring til Hardanger: Kan me arbeida med internasjonalisering?*

4. Innmelde saker Drøfting

- Søknad frå Næringshagane. Samarbeid mellom Voss, Hardanger og Odda. Har fått stønad frå SIVA til å samarbeida. Presentasjon av prosjektet v/ arbeidande styreleiar Bente Raaen, Odda Næringshage.
Team Hardanger er positive, og vil anbefala Hardangerrådet å innvilga desse midlane.
- Søknad frå Hardanger Industri - Ber om støtte til Hydrogensymposiet 2020. Dette er Hardangerrådet si avgjerd.
- Orientering om Hardangerrådet v/ dagleg leiar Jostein Eitrheim.

Kinsarvik 4.02.20

Jan Tjosås/s
Leiar

Jostein Eitrheim
sekretær